



NOREGS HØGSTERETT

D O M

sagd 10. september 2025 av Høgsterett i avdeling med

dommar Ragnhild Noer
dommar Ingvald Falch
dommar Borgar Høgetveit Berg
dommar Knut Erik Sæther
dommar Christian Lund

HR-2025-1733-A, (sak nr. 25-115311STR-HRET)
Anke over Borgarting lagmannsretts dom 27. juni 2025

A

(advokat John Christian Elden)

mot

Påtalemakta

(konstituert statsadvokat Richard Beck
Pedersen)

R Ø Y S T I N G

- (1) Dommar **Høgetveit Berg:**

Kva saka gjeld og bakgrunnen for henne

- (2) Saka gjeld straffutmåling etter domfelling for mellom anna drapsforsøk og grov kroppsskading gjort av ein 15 og eit halvt år gamal gut. Hovudspørsmålet er korleis vilkårslaust fengsel og ungdomsstraff skal kombinerast.
- (3) A, fødd 00.00.2008, er tiltalt for drapsforsøk (straffelova § 275, jf. § 16), grov kroppsskading (§ 274 fyrste ledd, jf. § 273, jf. § 15), motarbeiding av rettsvesenet (§ 157 fyrste ledd), trugsmål (§ 263), bering av kniv på offentleg stad (§ 189 andre ledd), vald eller trugsmål mot offentleg tenestemann (§ 155), ulovleg oppbevaring av narkotika (§ 231 fyrste ledd) og krenking av besøksforbod (§ 168 bokstav b).
- (4) Oslo tingrett sa dom 21. februar 2025. A vart dømt etter tiltala for eitt drapsforsøk, eitt tilfelle av grov kroppsskading, to trugsmål, eitt tilfelle av bering av kniv på offentleg stad, to tilfelle av rettsstridig framferd mot politiet, eitt tilfelle av oppbevaring av narkotika og tre brot på besøksforbod. Han vart frifunnen for rettsstridig framferd overfor ein aktør i rettsvesenet. Straffa vart sett til vilkårslaust fengsel i 1 år og 5 månader og ungdomsstraff med ein gjennomføringsperiode på 2 år. Den subsidiære straffa i fengsel var 2 år. Fridomstap i varetekt kom til frådrag i fengselsstraffa. I tillegg vart A dømd til kontaktforbod overfor fire personar i 3 år, og til å betale oppreising og skadebot til to av dei fornærma.
- (5) A anka dommen – mellom anna over domfellinga for drapsforsøket og den grove kroppsskadinga. Påtalemakta anka over frifinninga for rettsstridig framferd overfor ein aktør i rettsvesenet.
- (6) Borgarting lagmannsrett sa dom 27. juni 2025. Her vart A også dømd for brot på straffelova § 157 om rettsstridig framferd overfor ein aktør i rettsvesenet. Domsslutninga punkt 1 om straff er slik:

«A, født 00.00.2008, dømmes for overtredelse av straffeloven § 275 jf. § 16, straffeloven § 274 første ledd jf. § 273, straffeloven § 157 første ledd, straffeloven § 263 (2 tilfeller), straffeloven § 189 annet ledd, samt de forhold der skyldspørsmålet er rettskraftig avgjort ved Oslo tingretts dom 21. februar 2025, sammenholdt med straffeloven § 79 bokstav a, til fengsel i 1 – ett – år og 9 – ni – måneder, samt ungdomsstraff med en gjennomføringstid på 2 – to – år, subsidiært fengsel i 1 – ett – år og 10 – ti – måneder.

Til fradrag i den ubetingede fengselsstraffen kommer 343 – trehundreogførtitre – dager for utholdt varetekt per domstidspunktet.»

- (7) Det var dissens i lagmannsretten. Ein av meddommarane meinte at straffa skulle vera vilkårslaust fengsel i 3 år og 9 månader.

- (8) Etter lagmannsrettens dom fekk A ei vilkårslaus prosessøkonomisk påtaleunnlating 1. juli 2025. Denne gjaldt mellom anna tre valdslovbrot (straffelova § 155 og § 271) under varetektsfengslinga.
- (9) A og verja hans har anka lagmannsrettens dom. I vedtak frå Høgsteretts ankeutval 1. august 2025, sjå HR-2025-1414-U, vart anken over straffutmålinga fremja til handsaming i Høgsterett. Anken over sakshandsaminga og lovbruken under skuldspørsmålet vart derimot ikkje fremja. Utvalet samtykka heller ikkje i ny handsaming av dei sivile krava.
- (10) Forsvararen har bede om at A blir handsama på mildaste måte. Påtalemakta har påstått at anken blir forkasta.

Mitt syn

Straffutmåling ved fleire lovbrott frå ein ung lovbrøtar

- (11) A er kjent skuldig i ei rekkje lovbrott. Då gjeld prinsippet i straffelova § 79 bokstav a. Ein skal ta utgangspunkt i det alvorlegaste lovbrottet, og deretter gje eit tillegg i straffa for dei andre lovbrotta. I saka her er det drapsforsøket og den grove kroppsskadinga som er berande for utmålinga av straffa.
- (12) Samstundes er ung alder generelt eit formildande omstende, jf. straffelova § 78 bokstav i og § 80 bokstav h. Di yngre lovbrøtaren er, di større vekt må dette utmålingsmomentet få. Grunnlova § 104 andre ledd slår fast at ved avgjerder som gjeld born skal kva som er best for barnet vera eit grunnleggjande omsyn.
- (13) A er i dag 17 år. Han var 15 og eit halvt år på tidspunktet for drapsforsøket og nesten 16 år på tidspunktet for den grove kroppsskadinga. Spørsmålet er i det store og heile kva alderen får å seia for straffutmålinga.

Vilkårslaust fengsel kombinert med ungdomsstraff

- (14) Dersom ein gjerningsperson er under 18 år på handlingstida, kan vilkårslaust fengsel berre idømmast når det er «særleg påkrevd», jf. straffelova § 33 fyrste punktum. Eg viser her til førearbeida til straffelova 1902 § 18, som er vidareført i straffelova § 33, Prop. 135 L (2010–2011) avsnitt 9.6.1.4, side 100:

«Departementet er av den oppfatning at det fortsatt bør være mulig for domstolen å idømme mindreårige ubetinget fengselsstraff i spesielle tilfeller. Hensynet til samfunnsvern gjør det nødvendig å ha en frihetsberøvende reaksjon tilgjengelig for barn som har begått svært alvorlig kriminalitet, og departementet støtter utvalget i at fengsel vanskelig kan unngås for en liten gruppe. Hensynet til barnets beste vil måtte vike der hensynet til samfunnsvern er tilstrekkelig tungtveiende. Også hensynet til allmennprevensjon kan tilsi bruk av en frihetsberøvende reaksjon overfor barn.

Departementet vil imidlertid understreke at der domfelte var under 18 år på handlingstidspunktet, forskyves tyngdepunktet i avveiningen mellom de

individualpreventive og de allmennpreventive hensyn, jf. Høyesteretts avgjørelse 1. november 2010, inntatt i Rt-2010-1313. Det som i det lange løp best tjener barnets interesser trer i forgrunnen, og kan bare settes til side så langt det foreligger særlig tungtveiende allmennpreventive hensyn som ikke i tilfredsstillende grad ivaretas ved andre straffereaksjoner.

De negative virkningene av fengselsstraff er velkjente og vil i større grad gjøre seg gjeldende for barn. Det må derfor stilles strenge krav til når ubetinget fengsel skal kunne anvendes. ...»

- (15) Dette inneber at terskelen for å dømme born til fengselsstraff er høg. Som hovudregel bør andre reaksjonar vera prøvde før ein dømmer til vilkårslaus fengselsstraff, jf. mellom anna Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) side 399. FN's barnekonvensjon artikkel 37, gjort til norsk lov gjennom menneskerettslova § 2, pålegg norske styresmakter mellom anna å sikre at fengsling av born berre blir nytta som ein siste utveg – *last resort* – og for eit kortast mogleg tidsrom – *shortest appropriate period of time*. Ved dei mest alvorlege lovbrota som drap, drapsforsøk og grove seksuallovbrot, er likevel utgangspunktet vilkårslaust fengsel, sjå Rt-2013-776, HR-2016-1364-A og Prop. 114 L (2023–2024) avsnitt 4.1.2 side 21.
- (16) Ungdomsstraff etter konfliktrådslova kapittel IV kan no idømmast i staden for fengselsstraff når lovbrøytaren var under 18 år på handlingstidspunktet, slik straff er ein eigna reaksjon, lovbrøytaren bur i Noreg og omsynet til føremålet med straff ikkje med tyngde talar mot ein reaksjon i fridom, jf. straffelova § 52 a fyrste ledd.
- (17) Straffelova § 52 a er endra fleire gonger. Då føresegna tok til å gjelde i 2014, kunne ungdomsstraff ikkje kombinerast med vilkårslaust fengsel. I ein mellomperiode i tre månader i 2024 kunne ungdomsstraff kombinerast med vilkårslaust fengsel i inntil 6 månader. Frå 1. desember 2024 er det ikkje ei slik øvre grense for lengda på fengselsstraffa der ho blir kombinert med ungdomsstraff, jf. § 52 a fjerde ledd som har slik ordlyd:
- «Dersom hensynet til straffens formål med tyngde talar mot at hele reaksjonen gjennomføres i frihet, kan ungdomsstraff idømmes sammen med en ubetinget fengselsstraff, når fengselsstraff er særlig påkrevd.»
- (18) Eg skyt inn at lovendringane har skjedd etter at A gjorde lovbrota. Om endringane er til fordel for han, slik at det kan koma på tale å nytte ei anna lov enn ho som gjeld no, jf. straffelova § 3, kjem eg attende til i den konkrete utmålinga.
- (19) Straffelova § 52 a fjerde ledd slår altså fast at dersom omsynet til føremålet med straffa med tyngde talar mot at heile reaksjonen blir gjennomført i fridom, kan ungdomsstraff *kombinerast* med vilkårslaus fengselsstraff når fengsel er «særlig påkrevd». Ordlyden gjev ikkje eksplisitte føringar om bruken av denne kombinasjonen. Ein må likevel kunne utleie at det må gjerast ei vurdering av kor langt føremålet med straffa rekk i den konkrete saka. Sidan utgangspunktet i § 52 a fjerde ledd er kva som er «særlig påkrevd», må fengsel nyttast så lite som råd. Føremålet med ungdomsreaksjonane er å leggje til rette for ein *mest mogleg tenleg reaksjon* og å redusere talet på born som gjennomfører straff i fengsel, jf. Prop. 139 L (2022–2023) avsnitt 13.1.4 side 128. I desse førearbeida – til lova som gjaldt i mellomperioden – står det vidare på side 129:

«Departementet understreker at det avgjørende er å gi domstolen større fleksibilitet til å kunne idømme en riktig reaksjon – ikke at flere unge enn det som var lovgivers intensjon med ungdomsreaksjonene idømmes ubetinget fengselsstraff. Straffen skal bedre kunne tilpasses det aktuelle saksforholdet i saker der tunge individualpreventive hensyn gjør seg gjeldende samtidig som det er begått alvorlig kriminalitet. Kombinasjonsadgangen kan åpne for økt bruk av ungdomsstraff. I de sakene der det etter gjeldende rett ville blitt idømt ubetinget fengselsstraff av en viss lengde, vil ungdommen etter forslaget kunne idømmes en kombinasjon av en kortere fengselsstraff og ungdomsstraff, i tråd med den enkelte ungdommens beste. ...

Den foreslåtte kombinasjonsadgangen vil for eksempel kunne anvendes i tilfeller med alvorlig kriminalitet der det anses å være høy risiko for at ungdommen vil begå ny kriminalitet, og hensynet til samfunnsvernet derfor tilsier at det må idømmes en kortere ubetinget fengselsstraff for å redusere denne risikoen på kort sikt. Ungdommens motivasjon og oppfølgingsbehov kan samtidig tilsi at en ungdomsstraff vil være egnet til å redusere risikoen for nye lovbrudd på lengre sikt. ...

Videre vil kombinasjonsadgangen kunne bidra til at det blir enklere å komme i posisjon til å påbegynne nødvendig atferdsendring i tilfeller der ungdommens risikonivå for gjentakelse er høyt, ...

Samtidig er det en klar fordel at forberedelse til gjennomføringen av ungdomsstraffen påbegynnes under fengselsoppholdet, og at ungdommen fortsetter straffegjennomføringen i konfliktrådet umiddelbart etter at fengselsstraffen er fullbyrdet.»

- (20) Allmennpreventive omsyn er tona noko ned. Individuelle omstende vil difor ha stor vekt i den konkrete vurderinga av lengda på den vilkårslause fengselsstraffa som skal kombinerast med ungdomsstraffa.

- (21) Føremålet med lovendringa i kraft frå 1. desember 2024 var å auke fleksibiliteten i straffutmålinga, også i dei meir alvorlege sakene, sjå Prop. 114 L (2023–2024) avsnitt 4.4 side 26. Sidan det ikkje lenger er ei øvre grense for verkeområdet for ungdomsstraff der vilkåra for kombinert straff er oppfylte, kan ein kombinere fengsel og ungdomsstraff også ved svært alvorleg kriminalitet. Samstundes oppmoda departementet til varsemd:

«I praksis vil det derfor være mest naturleg å benytte adgangen i saker hvor det straffbare forholdet er så alvorlig at det er behov for å reagere med en strengere reaksjon enn ungdomsstraff alene, samtidig som den ubetingede delen av reaksjonen ikke er av lengre varighet enn inntil 1 til 2 års fengsel.»

- (22) Eg forstår dette slik at lovendringa ikkje stengjer for at domstolane ved særleg alvorleg kriminalitet framleis kan dømme personar under 18 år til lengre vilkårslause fengselsstraffer, jf. til dømes HR-2025-443-U. Men dersom det er påkravd at fengselsstraffa er lang, må domstolane vera varsame med å kombinere henne med ungdomsstraff.
- (23) Dersom vilkåra for å kombinere fengselsstraff med ungdomsstraff er oppfylte, må den konkrete kombinasjonen av vilkårslaust fengsel og ungdomsstraff fastsetjast ut frå kva som samla sett er mest eigna for å få den tiltalte på rett kjøl. Eit viktig omsyn ved utmålinga av fengselsstraffa er å redusere risikoen for nye lovbrut og leggje til rette for at ungdomsstraffa kan gjennomførast på vellukka vis. Kor mykje fengsel er nødvendig for å få dette til – for dette barnet? Det kan ikkje bli tale om noka standardisering. Vurderinga

må primært tuftast på individuelle omstende – både individualpreventive omsyn og omsyna til den domfelte sine behov. Men også omsynet til samfunnsvern og allmennprevensjon har vekt. Fengselsstraffa og ungdomsstraffa må samla sett ikkje stå i eit mishøve til lovbrota, jf. straffelova § 29 andre ledd.

- (24) Den praktiske overgangen mellom dei to straffeformene, og innhaldet i den individuelle ungdomsplanen, må vera avklart og førebudd av konfliktrådet i god tid før lauslatinga frå fengsel, også ved ei mogleg prøvelauslating, jf. Prop. 114 L (2023–2024) avsnitt 4.4, side 28.
- (25) Eg legg til at for personar under 18 år skal soninga i fengsel vera tilrettelagd ut frå behovet deira, jf. straffegjennomføringslova § 10 a fyrste ledd. Kriminalomsorga skal vidare alltid vurdere vilkåra for å overføre domfelte under 18 år til gjennomføring av straffa utanfor fengsel når halvdelen av straffetida er gjennomført, jf. § 16 fyrste ledd andre punktum.

Den konkrete straffeutmålinga

- (26) A er kjent skuldig i
- eitt drapsforsøk,
 - eitt tilfelle av grov kroppsskading,
 - eitt tilfelle av rettsstridig framferd overfor ein aktør i rettsvesenet,
 - to trugsmål,
 - to tilfelle av rettsstridig framferd mot politiet,
 - tre brot på besøksforbod,
 - eitt tilfelle av bering av kniv på offentleg stad og
 - eitt tilfelle av oppbevaring av narkotika.
- (27) Straffa må fastsetjast ut frå dei to grunnleggjande prinsippa om proporsjonalitet mellom lovbrota og straffa og forholdet til andre samanliknbare lovbrot eller saker. I saka her er det drapsforsøket og den grove kroppsskadinga som er berande for utmålinga. Som nemnt gjeld straffskjerpingsprinsippet i straffelova § 79 bokstav a. Samstundes er ung alder generelt eit formildande omstende, jf. straffelova § 78 bokstav i og § 80 bokstav h. Det er ikkje andre formildande omstende som kan få vekt ved straffutmålinga.
- (28) Strafferamma for brot på straffelova § 275 om *drap* er fengsel frå 8 opp til 21 år. Førearbeida føresett ei normalstraff på 12 års fengsel, sjå Ot.prp. nr. 22 (2008–2009) avsnitt 6.5.4.2 side 185. Straffa ved forsøk skal normalt setjast lågare, jf. straffelova § 78 fyrste ledd bokstav a og § 80 bokstav b. Fordi *drapsforsøk* kan vera svært ulike, har ikkje Høgsterett fastsett noko normalstraffenivå. Moment i den konkrete vurderinga vil vera om «forsøket omfatter fullbyrdelse av handlinger som kunne vært straffet etter alternative bestemmelser, varighet og intensitet av forsøket, og hva som er årsaken til at forsøket oppgis», jf. HR-2019-714-A avsnitt 13, jf. avsnitt 14.
- (29) Strafferamma for brot på straffelova § 274 fyrste ledd om *grov kroppsskading* er fengsel opp til 10 år. Ramma er vid og viser at det, på same måten som ved drapsforsøk, kan vera stor variasjon i kor alvorleg lovbrotet er.

- (30) Ved *drapsforsøket* hogg A den fornærma gjentekne gonger med ein kniv som hadde eit om lag 25 cm langt knivblad. Det fyrste hogget trefte den fornærma i ryggen, i brysthøgde. Deretter hogg A mot hovudet fleire gonger. I alle fall dei fyrste utfalla var med full kraft. Den fornærma heldt armane opp, slik at stikka ikkje trefte hovudet eller overkroppen. Men den fornærma fekk fleire stikk i handa, medrekna eit om lag 10 cm langt halvmåneforma sår rundt tommelfingerballen og eit mindre sår i handflata. Han fekk også eit om lag 5 cm langt stikksår på framsida av låret. Med utgangspunkt i den sakkunnige erklæringa la lagmannsretten til grunn at ingen av skadane var beinveges livstrugande, men at dette var rein flaks. Lagmannsretten fann det prova at A i det minste hadde passiv kunnskap om at den fornærma ville døy eller få livstrugande skadar som følgje av knivstikka, og med det handla med drapsforsett. Hendinga skjedde i ein del av Oslo og på eit tidspunkt der vaksne og born ferdast ute.
- (31) *Den grove kroppsskadinga* var gjort i fellesskap med ein medtiltalt på ein offentlig stad. Lovbrotet var forsettleg og framstod etter lagmannsrettens syn som eit uprovosert overfall: Den medtalt slo den fornærma med eit balltre bak på skuldra minst ein gong. A stakk deretter den fornærma med kniv minst to gonger. Eitt av stikka gjekk inn i ryggen ved skuldra. Knivstikket var 5–7 cm djupt, gav eit sår på rundt 4 cm og førte til brot i det venstre skulderbladet. Den fornærma måtte opererast på sjukehus og vart sjukmeldt i to veker. Sjølv om det ikkje hadde stått om livet, meinte lagmannsretten at det samla skadepotensialet – ved bruk av balltre og kniv mot skulder og nakke – var stort. Dersom skulderbladet hadde gjeve etter, kunne dette ha ført til ein livstrugande skade.
- (32) Lagmannsretten kom til at rett utgangspunkt for straffa for ein *vaksen* gjerningsperson ville vera fengsel i overkant av 7 år for alle lovbrota sett under eitt. Dette byggjer mellom anna på at retten meinte passende straff for drapsforsøket ville vera fengsel i 6 år og at den grove kroppsskadinga ville gjeve fengsel i 1 år og 4 månader. Samstundes ville nokre av dei andre forholda kvar for seg ført til kortvarige fengselsstraffer – som her blir skjerpande omstende.
- (33) Korkje forsvararen eller aktoren har utfordra utgangspunktet på fengsel i overkant av 7 år. Slik saka er prosedert for Høgsterett, kan heller ikkje eg sjå at det er grunn til å fråvike lagmannsrettens utgangspunkt.
- (34) På grunn av alderen meinte lagmannsretten at ei mogleg rein vilkårslaus fengselsstraff ville vera på 3 år og 7 månader. Eg understrekar at straffereduksjonen på grunn av alder må tuftast på ei samansett vurdering, der alderen til lovbrytaren normalt vil ha mykje å seia, jf. HR-2022-980-A avsnitt 27. Samstundes må ein også ta omsyn til samfunnsvernet. Når det som i saka her er aktuelt å kombinere fengsel med ungdomsstraff, vil vurderinga av kor lang fengselsstraff som er påkravd også bli påverka av at fengselsstraffa straks vil bli følgd opp av ungdomsstraffa. I denne vurderinga vil individuelle forhold knytt til lovbrytaren ha stor vekt.
- (35) A har ei lang historie med politiet og barnevernet. Etter at lagmannsretten sa dom har A som nemnt fått ei påtaleunnlating 1. juli 2025 for nye lovbrota. Påtaleunnlatinga gjeld fire lovbrota under varetektsfengslinga, jf. straffelova § 155, § 156 andre ledd og § 271. I den fyrste episoden hadde han etter ordre om å gå på cella, barrikadert seg saman med andre i fellesområdet i fengselet ved bruk av møblar og pressa desse mot fengselsbetjentane. I den

andre hadde han ved skjellsord plaga ein fengselsbetjent. I den tredje hadde han skalla ned ein fengselsbetjent og forsøkt å skalle ned ein annan. Og i den siste hadde han slått ei plastmugge i hovudet på ein annan person slik at mugga knuste.

- (36) A har vore varetektsfengsla i ungdomsfengsel på grunn av gjentakingsfare sidan juli 2024, altså i godt over eitt år. Han er no 17 år gamal. Det er ein klar risiko for at A vil bryte lova på nytt og ikkje vera i stand til å fullføre ei ungdomsstraff. Omsynet til gjennomføringa av ungdomsstraffa, og i nokon grad allmennpreventive omsyn, gjer det difor nødvendig med vilkårslaust fengsel. Ut frå det konkrete drapsforsøket, sett i samanheng med den grove kroppsskadinga og dei mange andre lovbrota, meiner også eg at reaksjonen i saka her må bli vilkårslaust fengsel kombinert med ungdomsstraff.
- (37) Ut frå ei samla vurdering er eg samd med lagmannsretten og aktoren i at den vilkårsause fengselsstraffa blir sett til 1 år og 9 månader. Med ei slik fengselsstraff vil A no nærme seg lauslating. Han kan koma godt i gang med ungdomsstraffa før han blir 18 år. Eg meiner difor at lengda på fengselsstraffa ikkje er eit hinder for å kombinere henne med ungdomsstraff.
- (38) Lagmannsretten konkluderte under tvil med at ungdomsstraff var ein eigna reaksjon overfor A, jf. straffelova § 52 a fyrste ledd bokstav b. Retten la til grunn at A er ressurssterk, og at det er avgjerande at han kjem bort frå det miljøet han har vore i. Med ein individuelt utforma ungdomsplan og hjelp frå familien vil han kunne avstå frå nye lovbrota. Lagmannsretten kom til at A har eit potensiale for rehabilitering. Aktoren for Høgsterett har peikt på at A ikkje har nokon tilleggsproblematikk knytt til rus eller psykiatri. Rett nok har aktoren uttrykt ein viss tvil, men han har ikkje utfordra lagmannsrettens konklusjon. Slik saka er prosedert for Høgsterett, har eg ikkje grunnlag for å konkludere annleis enn lagmannsretten.
- (39) Gjennomføringstida for ungdomsstraffa blir sett til to år, jf. § 52 b fyrste ledd bokstav a. Sjølv om A vil vera over 18 år det siste året av ungdomsstraffa, er det risiko for at han vil falle tilbake til det gamle miljøet og gjera nye lovbrota dersom gjennomføringstida er kortare. Eg føreset at ungdomsstraffa tek til straks etter lauslatinga frå fengsel.
- (40) Etter straffelova § 52 b fyrste ledd bokstav b skal det fastsetjast ei subsidiær fengselsstraff, som skal svare til den fengselsstraffa som ville blitt idømt utan ungdomsstraff. Ut frå alvoret i saka, men at A var mellom 15 og 16 år gamal ved dei fleste lovbrota, meiner eg som lagmannsretten at den subsidiære fengselsstraffa for ungdomsstraffa skal vera 1 år og 10 månader. Dette vil kunne gje ei samla fengselsstraff på 3 år og 7 månader.
- (41) Etter dette er det samstundes klart at gjeldande § 52 a – som tok til å gjelde 1. desember 2024 – gjev det gunstigaste resultatet for A, jf. straffelova § 3. I perioden frå 1. september til 1. desember 2024 kunne ein berre kombinere ungdomsstraff med vilkårslaust fengsel inntil 6 månader. Ut frå den straffa eg er komen til, ville det før 1. desember 2024 ikkje vore mogleg å kombinere ungdomsstraff med fengsel i saka her. Eg treng difor ikkje ta stilling til det som på eit meir generelt plan er gjort gjeldande frå aktoren og forsvararen om straffelova § 3 og *lex mitior*-prinsippet.

Konklusjon

- (42) Anken over straffutmålinga blir forkasta. I fengselsstraffa skal det gjerast frådrag for 418 dagar for fridomstap etter varetekt, jf. straffelova § 83.
- (43) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

1. Lagmannsrettens dom – domsslutninga punkt 1 andre avsnitt – blir endra slik at frådraget for fridomstap blir sett til 418 – firehundreogatten – dagar.
2. Anken blir elles forkasta.

- (44) Dommer **Lund:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (45) Dommer **Sæther:** Likeså.
- (46) Dommer **Falch:** Likeså.
- (47) Dommer **Noer:** Likeså.
- (48) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

1. Lagmannsrettens dom – domsslutninga punkt 1 andre avsnitt – blir endra slik at frådraget for fridomstap blir sett til 418 – firehundreogatten – dagar.
2. Anken blir elles forkasta.